



Samnanger kommune

**ÅRSMELDING 2022**  
**FOR KONTROLLUTVALET I**  
**SAMNANGER KOMMUNE**



## 1 Føremål og oppgåver for kontrollutvalet

Føremålet med kontrollutvalet sitt arbeid er å medverke til at det vert allmenn tillit til at kommunen sine oppgåver vert løyst på best mogleg måte, og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. I kommunelova finn ein i kap. 23 «Kontrollutvalgets virksomhet». I § 23-1 står det mellom anna:

**«Kommunestyret og fylkestinget velger selv et kontrollutvalg som skal føre løpende kontroll på deres vegne.»**

I kommunelova § 23-2 står det m.a.:

**Kontrollutvalget skal påse at**

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak
- c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i
- d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)
- e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp. at kommunen har en forsvarlig revisjonsordning.

## 2 Samansetjing av kontrollutvalet 2019 - 2023

**Medlemmer:**

Arild Røen (H) – leiar

**Vararepresentant for Ap, H og Mdq:**

Liv Berit Kernes Befring (Ap)  
Marijke Strømmen (Mdq)  
Kjell Roar Norvik (H)

Terje Hoseth Næss (Krf) – nestleiar  
Anne Gerd Tandstad (Sp)  
Svein Verner Røseth (Frp)  
Silvana Amaral Da Silva (BL)

**Vararepresentant for BL, Frp, Sp og Krf:**

Annette Espelid (BL)  
Audun Johannes Yndestad (Frp)  
Arne Jørgensen (Sp)  
Bjarne Hauge (Krf)  
Dag Nydal (Bl)  
Helene Mjelde Foss (Bl)

Silvana Amaral Da Silva søkte om fritak frå vervet i kontrollutvalet då ho vart tilsett i Samnanger kommune. Kommunestyret vedtok 24.02.2022 i sak 007/2022 at Anette Espelid (BL) erstatta Silvana Amaral Da Silva.

**Kontrollutvalet vart slik samansett etter 24.02.2022:**

**Medlemmer:**

Arild Røen (H) – leiar

**Vararepresentant for Ap, H og Mdq:**

Liv Berit Kernes Befring (Ap)  
Marijke Strømmen (Mdq)  
Kjell Roar Norvik (H)

Terje Hoseth Næss (Krf) – nestleiar  
Anne Gerd Tandstad (Sp)  
Svein Verner Røseth (Frp)  
Anette Espelid (BL)

**Vararepresentant for BL, Frp, Sp og Krf:**

Audun Johannes Yndestad (Frp)  
Arne Jørgensen (Sp)  
Bjarne Hauge (Krf)  
Dag Nydal (Bl)  
Helene Mjelde Foss (Bl)

### **3 Om verksemda til kontrollutvalet i 2022**

- Kontrollutvalet hadde 5 møte i 2022
- Møta dette året var lagt til kommunehuset.
- Utvalet behandla 69 saker, derav 42 politiske saker
- Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet og har møtt på dei fleste av møta.
- Rådmann og andre tilsette i kommunen har møtt for å orientere til kontrollutvalet, når dei har vorte innkalla.
- Revisjonen har møtt på møta i kontrollutvalet.
- Kontrollutvalet har fått tilgang til den informasjonen det vart bedt om.

### **4 Sekretariatsordninga**

I kommunelova § 23-7 står det at kommunestyret skal sørja for sekretærstøt til kontrollutvalet som tilfredsstiller utvalet sitt behov. Sekretærfunksjonen kan ikkje leggast til kommunen sin administrasjon.

Utdrag frå kommunelova § 23-7:

*Kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalget får sekretariatsbistand som tilfredsstiller utvalgets behov. Sekretariatet skal påse at de saker som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet, og at utvalgets vedtak blir iverksatt. Sekretariatet skal være uavhengig av kommunens administrasjon og av den eller de som utfører revisjon for kommunen.*

Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune utfører sekretariatstenesta for kontrollutvalet i Samnanger kommune. Einar Ulla har utført denne oppgåva i alle møta i 2022.

Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune var sekretariat for kontrollutvalet i fylkeskommunen, samt kontrollutvala i desse kommunane i 2022: Askøy, Austevoll, Bjørnafjorden, Bømlo, Eidfjord, Fitjar, Kvam, Kvinnherad, Samnanger, Stord, Tysnes, Ullensvang, Ulvik, Vaksdal og Øygarden. I tillegg til dette har sekretariatet også vore settesekretariat for Møre og Romsdal fylkeskommune sitt kontrollutval i deler av 2022.

### **5 Revisjon**

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret ha tilsyn med den kommunale forvaltinga. Utvalet må halda seg orientert om kva saker revisjonen arbeider med og føra tilsyn med at revisjonsarbeidet er à jour og går føre seg i samsvar med forskrift og vedtak.

BDO AS er revisor for Samnanger kommune. Noverande avtale gjeld fram til og med 30.06.2024. BDO har lagt fram revisjonsmelding, slik kravet er, samt rapportar og annan informasjon om revisjonen sitt arbeid.

*På grunnlag av revisjonen sine rapportar, rekneskapsplan og annan informasjon, har utvalet ført tilsyn med at forvaltinga er i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtak. Utvalet skal vidare i samarbeid med revisjonen gjennomføra ei systematisk vurdering av bruk og forvaltning av dei kommunale midlar, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat (forvaltningsrevisjon).*

Til dagleg er det den valde revisor som utfører tilsynet og kontrollen mot kommunen, men kontrollutvalet har eit eige ansvar med å sjå til at arbeidet vert tilfredsstillande utført. Kommunelova stiller krav om at utvalet sjølv må visa ei aktiv haldning. For å få utført det arbeid utvalet er pålagt, er ein avhengig av god kommunikasjon med kommunestyret, administrasjonen i kommunen og revisor. Samarbeidet har vore godt med dei aktuelle aktørar. Solveig Bø Dalstø er ansvarleg revisor for Samnanger kommune. I tråd med regelverket har revisor lagt fram eigenvurdering for at BDO er uavhengig i høve til Samnanger kommune.

## 6 Forvaltningsrevisjon

Ei av dei viktigaste oppgåvene til kontrollutvalet er å gjennomføre forvaltningsrevisjon av kommunen si verksemd samt med selskap der kommunen har eigarinteresser, og er ei av utvalet sine lovpålagde oppgåver. Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytte for å sikre at kommunen på best mogleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar.

I kommunelova § 23-2 står det:

Kontrollutvalget skal påse at det gjennomføres forvaltningsrevisjon med kommunens virksomhet samt med selskaper som kommunen har eierinteresser i.

Det står vidare i kommunelova § 23-3:

*Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.*

### 6.1 Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024

Kommunen skal, etter lova, utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon slik at gjennomføring av forvaltningsrevisjon vert utført på ein planmessig måte og for å sikre at kommunestyret vel ut dei mest relevante prosjekta. Planen skal vere basert på ein risiko- og vesentlegvurdering.

I kommunelova § 23-2 står det:

*Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.*

*Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegera til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.”*

Plan for forvaltningsrevisjon blei vedteken i kommunestyremøte 28.10.2020.

Kontrollutvalet gjennomførde evaluering av planen i 2022, og vedtok ein rullert plan 29.08.2022 i sak PS 21/22.

### 6.2 Gjennomførde forvaltningsrevisjonsprosjekt i 2022

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytta for å sikre at kommunen på best mogleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar. Forvaltningsrevisjon er ein av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet.

Det vart gjennomført forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av kommunale bygg og vegar i Samnanger kommune i 2022.

## 6.2.1 Forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av kommunale bygg og vegar

Kontrollutvalet vedtok samråystes prosjektplan for forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av kommunale bygg og vegar 15.11.2021 i sak PS 26/21:

1. *Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av kommunale bygg og vegar frå BDO AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspeil under drøftinga i møtet.*
2. *Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.*
3. *Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå BDO si side innan 31.03.2022, ferdig verifisert og med kommunedirektøren sin uttale innarbeidd, slik at den kan behandlast i kontrollutvalet i første møte etter det.*

Av prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:

*Føremålet med prosjektet er å gjennomgå kommunen si handtering av vedlikehald av kommunale bygg og vegar. Gjennomgangen vil sjå på i kva grad kommunen har overordna strategiar og målsettingar for vedlikehaldsarbeidet, og korleis kommunen sikrar planmessig og verdibevarande vedlikehald av bygg og vegar. Vidare vil vi sjå på om vedlikehaldet er i samsvar med etablert beste praksis eller normalt.*

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisor formulert følgjande problemstillingar:

1. *I kva grad har Samnanger kommune etablert tiltak for å sikre eit effektivt og godt verdibevarande vedlikehald av kommunale bygg?*
2. *I kva grad har Samnanger kommune gode system for planmessig og verdibevarande vedlikehald av kommunale vegar?*

Kontrollutvalet behandla statusrapport om framdrift i arbeidet med forvaltningsrevisjonen 07.02.2022.

Rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon vart vedteken av kommunestyret 16.06.2022 i sak 038/2022, etter innstilling frå kontrollutvalet. Kontrollutvalet si innstilling frå behandling 10.05.2022 i sak PS 12/22 vart samråystes vedteken:

1. *Kommunestyret tek rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av kommunale bygg og vegar til etterretning.*
2. *Kommunestyret ber rådmannen setta i gang prosessar for å få:*
  - *Forankra prinsippa for kommunen si eigedomsforvaltning og prioritering av vedlikehald av kommunale bygg i kommunestyret.*
  - *Forankra plan for vegvedlikehald i kommunestyret.*
3. *Kommunestyret ber rådmannen rapportera status og eventuell plan for vidare arbeid med oppfølging av pkt. 2 i vedtaket til kontrollutvalet innan 12.09.2022.*

## 6.3 Oppfølging av tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Kontrollutvalet har som ei av sine oppgåver å følge opp kommunestyret sine vedtak etter gjennomførde forvaltningsrevisjonar.

I forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 5 står det:

Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak om regnskapsrevisjoner, forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller blir fulgt opp og skal rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om vedtaket er fulgt opp.

### **6.3.1 Varsel om arbeidstilhøva i Samnanger kommune**

Kontrollutvalsleiar og ordførar mottok varsel om arbeidsforholda i Samnanger kommune 05.03.20. Kontrollutvalet behandla varselet i møte 12.03.20, der det vart gjort slikt vedtak i sak 10/20:

1. *Kontrollutvalet ber Deloitte ut i frå det som kom fram av varselet og det som kom fram av diskusjonen i møtet, kartlegge bakgrunnen for varselet.*
2. *Deloitte blir bedt om å utarbeide ein prosjektplan for arbeidet, og sende denne til sekretariatet så snart den er ferdig.*
3. *Utvalsleiar får i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenne prosjektplanen.*
4. *Deloitte blir vidare bedt om å orientere om status for arbeidet i neste møte (14.04.20) i kontrollutvalet.*

Kontrollutvalet behandla rapport etter gjennomført revisjon i samband med varselet i møte 19.10.20, PS 27/20, der det vart gjort slik innstilling til kommunestyret:

*Kommunestyret ber rådmannen:*

1. *Setta i verk tiltak for å sikre eit forsvarleg arbeidsmiljø ved barneskulen, med brei involvering av dei tilsette ved skulen.*
2. *Gjennomgå og sørge for tilfredsstillande rutinar for roller, ansvar, rutinar og krav til dokumentasjon knytt til oppfølging av vanskelege personalsaker*
3. *Gjennomgå og sørge for god opplæring om samarbeidet mellom tillitsvalt, verneombod og leiing, og kva dilemma og utfordringar som kan oppstå og korleis dette kan løysast*
4. *Etablira rutinar for korleis tilsette skal kommunisere mellom seg både på e-post og munnleg, og gjere desse kjent. Legg også vekt på non-verbal kommunikasjon*
5. *Sikre at det er gode rutinar for å dokumentere oppfølging av leiarar og medarbeidarar i alle einingar.*
6. *Gjennomgå varslingsrutinane for Samnanger kommune, og sjå til at kontrollutvalet ikkje vert ein del av desse rutinane i framtida*
7. *Orientere kontrollutvalet om status for oppfølginga og handlingsplan for vidare arbeid innan utgangen av 2020*

Kommunestyret vedtok innstillinga frå kontrollutvalet 28.10.2020.

Kontrollutvalet behandla oppfølging av denne revisjonen 08.02.2021 etter å ha mottatt statusrapport frå rådmannen 28.01.2021. Rådmannen gjekk gjennom rapporten i møtet, og svarde på spørsmål frå utvalet sine medlemmer. Det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet har merka seg at oppfølging av denne saka er sett i gang på ein god måte
2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status innan 09.08.2021

Kontrollutvalet behandla oppfølging nr. 2 av denne saka 30.08.2021 etter å ha mottatt ein ny statusrapport frå rådmannen 19.08.2021. Medlemmane i utvalet ga positiv tilbakemelding til rådmannen for oppfølginga og det vart gjort slikt vedtak:

1. Kommuneleiinga og skuleleiinga ved Samnanger Barneskule har gjort eit godt arbeid med oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen, og har følgt opp dei fleste av tiltaka
2. Kontrollutvalet ber om ein ny status i arbeidet innan 31.12.2021

Det som står att er oppfølging av punkt 4 og 6 i kommunestyret sitt vedtak frå 28.10.2020. Saka vert følgt vidare opp i 2022.

Kontrollutvalet behandla oppfølging nr. 3 av denne forvaltningsrevisjonen 07.02.2022, og vedtok følgjande:

1. *Kommuneleiinga og skuleleiinga ved Samnanger barneskule har følgt opp forvaltningsrevisjonen på ein stødig og god måte.*

2. Kontrollutvalet ber om ein ny rapport innan 10.08.2022 med oppfølging av punkt 4 og 6 i kommunestyret sitt vedtak i sak 072/2020.

Kontrollutvalet behandla oppfølging nr. 4 av denne forvaltningsrevisjonen 29.08.2022, og vedtok følgjande:

1. Kommuneleiinga og skuleleiinga ved Samnanger barneskule har følgt opp forvaltningsrevisjonen på ein stødig og god måte.
2. Kontrollutvalet vurderer med dette at kommunestyret sitt vedtak i sak 072/2020 er ferdig oppfølgt.
3. Kontrollutvalet avsluttar oppfølginga av kommunestyret sitt vedtak i sak 072/2020

### 6.3.2 Forvaltningsrevisjon av arkiv og innsyn

Rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon vart vedteken av kommunestyret 16.09.2021 i sak 076/2021, etter innstilling frå kontrollutvalet. Kontrollutvalet si innstilling vart samrøystes vedteken:

1. Kommunestyret tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av arkiv og innsyn til etterretning.
2. På bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon av arkiv og innsyn ber kommunestyret rådmannen sørge for at det vert sett i verk tiltak for å:
  8. Etablere rutine for at rådmannen årleg stadfester arkivplanen
  9. Kompletttere arkivplanen, slik at alle delkapittel er fylt med innhald
  10. Etablere rutine for måling av svartid på innsynsførespurnader, slik at eventuelle kapasitetsutfordringar kjem fram
3. Kommunestyret ber rådmannen melde status og vidare framdrift til kontrollutvalet innan 31.12.2021

Kontrollutvalet behandla oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen 07.02.2022 og vedtok i sak PS 3/22:

1. Kontrollutvalet tek eposten frå fungerande rådmann til orientering
2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg statusrapport innan 06.04.2022, slik at utvalet kan få ei sak presentert i møte 02.05.2022

Kontrollutvalet behandla oppfølging nr. 2 av denne forvaltningsrevisjonen 10.05.2022 og vedtok i sak PS 15/22:

1. Kontrollutvalet vurderer oppfølgingsnotatet frå rådmannen i Samnanger kommune til å vere veldig bra, men kommunen er etter utvalet si vurdering ikkje heilt i mål med oppfølginga
2. Kontrollutvalet ber rådmannen om ny orientering i møte 03.10.2022. Utvalet ber også om eit notat med oppfølginga tilsendt innan 12.09.2022

Kontrollutvalet behandla 03.10.22 oppfølging nr. 3, og vedtok i sak PS 30/22:

1. Kontrollutvalet vurderer rådmannen si oppfølging av forvaltningsrevisjon av arkiv og innsyn til å vere veldig bra.
2. Kontrollutvalet vurderer vedtaket i kommunestyresak 076/2021 til å vere ferdig oppfølgt

### 6.3.3 Forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av kommunale bygg og vegar

Kontrollutvalet behandla 03.10.2022 oppfølging av kommunestyret sitt vedtak i sak 038/2022, og gjorde slikt vedtak i sak PS 31/22:

1. Kontrollutvalet tek rapport frå rådmannen, datert 11.09.22, med oppfølging av forvalningsrevisjon – vedlikehald av kommunale bygg og vegar – til vitande
2. Kontrollutvalet vurderer forvalningsrevisionen som ferdig oppfølgt, men ber om å bli orientert om rapporteringa om saksforholdet til kommunestyret i juni 2023.

## 7 Eigarskapskontroll

I den nye kommunelova er selskapskontroll erstatta med forvalningsrevisjon i selskap, og eigarskapskontroll. Dette står om eigarskapskontroll i lova § 23-2 d:

*Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eierinteresser i selskaper mv.*

Det står i tillegg litt meir utfylgjande om eigarskapskontrollen i kommunelova § 23-4:

*Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.*

### 7.1 Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024

Kommunen skal, etter lova, utarbeide ein plan for eigarskapskontroll slik at kontrollen med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap vert utført på ein planmessig måte og for å sikre at kommunestyret vel ut dei mest relevante prosjekta. Planen skal vere basert på ein risiko- og vesentlegvurdering.

Følgjande står om plan for eigarskapskontroll i kommunelova § 23-4:

*Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.*

*Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen*

Planen for eigarskapskontroll vart vedteken i kommunestyremøte 28.10.2020.

Kontrollutvalet behandla rullering av planen 29.08.22 og vedtok i sak 22/22:

1. Kontrollutvalet vedtek at gjeldande plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024 vert vidareført slik den ligg føre.

### 7.2 Eigarskapskontroll av Samnanger kommune sin overordna eigarskapsforvaltning

Kontrollutvalet vedtok 07.02.2022 i sak PS 6/22 å innstille om gjennomføring av eigarskapskontroll av Samnanger kommune sin overordna eigarskapsforvaltning. Kommunestyret gjekk inn for dette våren 2022.

Kontrollutvalet behandla bestillinga av eigarskapskontrollen 10.05.2022 og vedtok i sak PS 13/22:

1. Kontrollutvalet ber BDO AS levere forslag til prosjektplan for gjennomføring av eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning i tråd med føringar

- kontrollutvalet og kommunestyret har gitt inkl. føremål, problemstillingar, eventuelle avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.*
2. *Kontrollutvalet ber BDO AS levere forslag til prosjektplan til sekretariat for kontrollutvalet seinast 08.08.2022.*
  3. *Kontrollutvalet behandler prosjektplanen i møte 29.08.2022.*

Prosjektplan vart behandla 29.08.2022 i sak PS 23/22, der vedtaket var slik:

1. *Kontrollutvalet bestiller eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning frå BDO AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet*
2. *Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil 169 timer*
3. *Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå BDO si side innan 07.11.2022, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale innarbeidd, slik at den kan behandlast i kontrollutvalet 21.11.2022 og i kommunestyret 08.12.2022*

BDO rapporterte status i arbeidet 03.10.2022

Rapporten etter gjennomført eigarskapskontroll vart behandla 21.11.22, og kontrollutvalet vedtok følgjande innstilling til kommunestyret i sak PS 36/22:

1. *Kommunestyret tek rapporten etter gjennomført eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning til etterretning.*
2. *Kommunestyret ber rådmannen gjennomføre følgjande tiltak:*
  - a) *Utarbeide eigarskapsmelding og legge denne fram for kommunestyret*
  - b) *Utarbeide ein fast rutine på kva eigarskapsrelaterte saker som skal leggjast fram for kommunestyret, enten orienterings- eller vedtakssaker.*
  - c) *Utarbeide mandat og forventningar til kommunen sine valde representantar*
  - d) *Utarbeide kompetanse- og erfaringsutgreiing som grunnlag for å velje representantar til selskapa sine eigarorgan*
  - e) *Vurdere behovet for å gjennomføre opplæring av valde representantar, og tilby opplæring på bakgrunn av behovet*
3. *Kommunestyret ber rådmannen rapportere status og eventuelt vidare arbeid med oppfølginga innan 16.01.2023.*

Kommunestyret behandla rapporten 08.12.2022 i sak 071/2022. Kommunestyret vedtok samrøystes innstillinga frå kontrollutvalet.

## 8 Rekneskapsrevisjon

Revisjon av årsrekneskapen er ein heilt sentral del av eigenkontrollen i kommunen. Revisor skal gje tryggleik for at ein kan stole på informasjonen kommunen gjev om økonomien sin.

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen blir revidert på ein forsvarleg måte. Utvalet er difor avhengig av at revisor i tilstrekkeleg grad rapporterer om revisjonsarbeidet. At kontrollutvalet og revisor har ein god dialog og god forståing av sine oppgåver, er viktige føresetnader for å skape tryggleik for at revisjonsarbeidet blir forsvarleg utført.

I kommunelova § 23-2 står mellom anna dette:

Kontrollutvalget skal påse at

- a) Kommunen eller fylkeskommunen sine årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte

Dette står om rekneskapsrevisjon i forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3:

Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- a) Kommunen eller fylkeskommunen sine årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) Regnskapsrevisjonen blir utført i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instrukser og avtaler med revisor
- c) Regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravet i kapittel 2 og 3

Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak.

### 8.1 Årsrekneskap og årsmelding 2021 for Samnanger kommune

Utvælt behandla statusrapportering frå BDO av rekneskapsrevisjon 07.02.2022.

Kontrollutvalet ga sin uttale til årsrekneskapen 2021 i møte 10.05.2022.

**Utdrag frå teksten i uttalen frå kontrollutvalet:**

*Med grunnlag i kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga, ei samla vurdering, tilrår derfor kontrollutvalet at årsrekneskap og årsmelding for 2021 blir godkjent slik det ligg føre.*

*Kontrollutvalet vil likevel gjere kommunestyret merksam på følgjande forhold:*

- *Viktige nøkkeltal i årsrekneskapen:*
  - *Netto driftsresultat er på 4,81 % av driftsinntektene, tilrådinga frå TBU er minst 1,75%*
  - *Gjeldsgrad er berekna til 90,22 % av driftsinntektene, Riksrevisionen tilrår maks 75%*
  - *Gjeldsbelastning er berekna til 4,96 % av driftsinntektene. Statsforvaltataren i Nordland tilrår at gjeldsgraden ikkje overstig 5 %*
  - *Disposisjonsfondet er berekna til 7,60 % av driftsinntektene. Riksrevisionen si tilråding er på minst 5%, og kommunen sitt eige mål er at fondet skal ligge på ca. 15 mnok. Fondet var ved årsskiftet på 20,54 mnok.*
  - *Likviditetsgrad 1 er på 2,0. Denne bør, iht økonomisk teori, vere på min. 2*

*Samnanger kommune viser eit godt resultat for 2021. Kommunen si gjeldsgrad er noko høgare enn tilrådinga frå Riksrevisionen. Gjeldsgraden har utvikla seg positivt*

*det siste året frå 105,44 % i 2020 til 90,22 % i 2021. Det er også viktig at kommunen viser eit stabilt godt resultat over tid.*

*Kontrollutvalet tilrår at Samnanger kommune prioriterer å sette fokus på forbetningsområda som kjem fram i dokumentet «Oppsummering av revisjon 2021» frå BDO AS.*

*Ut over det som er nemnd i uttalen, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapssaka, samt revisjonsmeldinga av 22.04.2022 og oppsummering av revisjon 2021, har kontrollutvalet ikkje merknader til Samnanger kommune sin årsrekneskap for 2021.*

Rådmannen si oppfølging av revisjon av årsrekneskap og årsmelding 2021 vart behandla av kontrollutvalet 29.08.2022 i sak PS 19/22.

## **9 Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)**

FKT er ein landsomfattande organisasjon som har som oppgåve å vera møte- og kompetansepllass for kontrollutvala og deira sekretariat. Kontrollutvalet i Samnanger kommune er medlem i FKT.

Nyheitsbrev frå FKT med aktuelle tema for kontrollutvalet sitt arbeid er og lagt fram som melding til kontrollutvalet.

## **10 Opplæring**

I løpet av 2022 vart det i regi av BDO AS arrangert kurs for kontrollutvalet, politikarar og administrasjon innan:

- Habilitet – 29.08.22
- Endringar i ny kommunelov – 03.10.22

Kontrollutvalet var representert med tre deltagarar på Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune si folkevaldopplæring på Solstrand i februar 2022. Kontrollutvalsleiar Arild Røen stod for oppsummering av første kursdag.

Plan for gjennomføring av kurs 2023 i regi av BDO vart behandla 21.11.22, der denne planen vart vedteken:

- Innføring i kommunalt rekneskap – 06.02.2023
- Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll – 20.11.2023

## **11 Andre saker / orienteringssaker i kontrollutvalet i 2022**

- Årsmelding for kontrollutvalet for 2021 vart behandla 07.02.2022
- Budsjettframlegg for kontrollutvalet sitt ansvarsområde for 2023 vart behandla 29.08.2022
- Oppfølging av revisor sine påpeikingar i etterlevelseskollen 2020 vart behandla av kontrollutvalet i møte 07.02.2022
- Revisjonsplan og risikovurdering for etterlevingskontroll for rekneskap 2022 vart behandla 29.08.2022
- Kontrollutvalet vedtok eigne retningsliner for behandling av henvendingar 29.08.2022
- Rapport etter forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga 2021 vart behandla 03.10.2022
- Vurdering av uavhengigheit for oppdragsansvarleg revisor vart behandla 29.08.2022
- Møteplan for kontrollutvalet 2023 vart behandla 21.11.2022
- Behandling av interimsrevisjonsrapport 2022 vart gjennomført 21.11.2022

Utvalet har og som faste punkt på saklista – gjennomgang av møteprotokollar frå kommunestyret, formannskapet og hovudutvala. Eventuelt er også ei fast sak på saklista i tillegg til referatsaker og godkjenningssaker.

Samnanger 06.02.2023

Arild Røen  
Leiar i kontrollutvalet

**Samnanger kommune**

Kontrollutvalet  
c/o Sekretariat for kontrollutvalet  
Vestland fylkeskommune  
Postboks 7900, 5020 Bergen

telefon: 05557

e-post: [hogne.haktorson@vlfk.no](mailto:hogne.haktorson@vlfk.no)  
e-post: [roald.breistein@vlfk.no](mailto:roald.breistein@vlfk.no)  
e-post: [kjartan.haugsnæs@vlfk.no](mailto:kjartan.haugsnæs@vlfk.no)  
e-post: [helge.inge.johansen@vlfk.no](mailto:helge.inge.johansen@vlfk.no)  
e-post: [einar.kare.ulla@vlfk.no](mailto:einar.kare.ulla@vlfk.no)  
e-post: [kontrollutvalet@vlfk.no](mailto:kontrollutvalet@vlfk.no)